

Tankar rundt musikkseminar v/ Kari Bjerke Batt-Rawden 11.mai, 2010

Eit samarbeid mellom helse- og sosialavdelinga og musikkavdelinga i skuleåret 2009-2010 resulterte bl.a. i eit seminar som gav meg ein god del tankar som eg vil freiste å få ned på papiret. Eg har sjølv etter å ha opplevd sjukdom i familien, sett kor mykje musikken har hatt å seie. Derfor var det ekstra godt å høyre at forskninga no syner at det hjelper på, både når det gjeld læring og betre rehabilitering.

Frå tidlegare arbeidsliv har eg erfaring som aktivtør, og har der sett korleis sang og musikk verkar positivt på ulike diagnosar og tilstandar. Det gjeld uansett om det er personar med ulike funksjonshemmingar, psykisk eller fysisk, eldre, eldre, eller personar med psykiske lidingar. Mange av desse får eit langt liv der dei treng bistand, og då er ikkje stell og fysisk føde nok for å få god livskvalitet. Her trur eg musikkavdelinga har mykje å bidra med då dei kjenner dei ulike sjanrane innan musikk, og kan vere til stor hjelp og nytte for å finne kva som passar dei einskilde og ikkje minst ulike aldersgrupper. Dei skal jo og lære å formidle musikken til eit publikum.

Eg vil ta med eit eksempel som eg aldri kjem til å gløyme:

Då eg var aktivtør i eldreomsorga var det ei eldre kvinne der som hadde slete og arbeid eit langt liv, noko ho bar preg av. Ansiktet og kroppen var skrukkut, og ho bøygde ryggen. Ein kveld kom det ei visegruppe som song melodiar av Prøysen. Der og da fekk eg sjå det penaste ansiktet eg har sett, då ho lente seg godt attende i stolen og høyrdde på. Det syntde tydeleg ro og fred.

Då vonar eg at dette vert noko skulen satsar vidare på, for det trur eg vil verke inspirerande for elevane og gje eit positivt omdøme.

For prosjektgruppa, avd. for helse- og sosialfag,
Anne-Brit Bismo